

Perle- fisket i Audna

var ei viktig inntekts-
kjelde før i tida

Av TOBIAS TRYLAND



Her fiska vi mykje perler i mine gutedagar, fortel Daniel Ekeland på Tryland i Vigmostad.

I gamle dagar kunne det fiskast perler for mange hundre dalar i Audnaelva. Fogd Heiberg sende i 1845 ei melding til amtmanden om «perlefisket i elve og bekker, men formentlig i Undalselven». Han peika på at det kunne vera ei god inntektskjelde dersom fisket blei behandla riktig

Perlefisket i Audnaelva har vore drive i uminnelege tider. Alt frå sagatida har perlemuslingen - eller «elveskjøla» vore utbreidd forskjellige stader i Skandinavia heilt opp til Finnmark. Desse perlene var sikkert eit ekstra fint byttemiddel i vikingetida og i tidleg middelalder.

Men så kasta den danske dronninga sine augo på desse perlene. Norge var den gong under dansk styre, og kongemakta var så sterk at det ser ut som dei utan vidare greidde å leggja desse rikdomane under krona. Det blei laga ei forordning som sa at alle perlene som blei funne skulle

vel medgaa flere år inden de

**Fiskeretten var
knytt til gardsbruka**

Retten til perlefisket var nok gardsbruka i dalen måten som retten til laksefisket. Enkelte stader var perlefisket så viktig at det blei nemnd i utskiftingsdokumenta.

På Tryland var det utskifting i 1885. Om perlefisket står det at det «fordeles således: Ladeeierne oppgav at allslags fiskeri (unntagen perlefiskeri) både i elven og i bekkerne er felles for alle loddeierne efter engelsk skyld.

Perlefisket er delt således: Øvre Tryland fisker felles på Øvre Trylands grund, og nedre Tryland fisker felles på nedre Trylands grund. I

perlemuslingar sterkt. Etter berre 10 år var det ikkje eit einaste skjell å finna utanfor turbinutlaupet på Tryland. Fullt av daude skjell låg over alt på elvebotnen heilt utover til Buhølen.

Ovanfor kraftverket levde ein del av skjella vidare, men også der minka dei etter kvart. Dei siste som er funne i live, blei plukka for omlag 30 år sidan. Då blei dei to muslingane på biletet henta oppe i Kjeredalen. Det kan henda det finst levande skjell på grunnane oppe i Kongsmo, men om dei finst, så er dei ikkje mange. Det er nok det sure regnvatnet som er skuld i at skjella døyr ut.

Heilt fram til for 50 år sidan var det vanleg å svi av lyng og skog for å få betre beite. Denne oska blei med regnveret ført ned i fjellvatna, og vaska som ei

med så høge fossar som i elvene her sør? Dei gamle hadde forklaringar på det. Når små unge muslingar låg slik med litt opning, kom laksen i berøring med finnene. Skjellaklypteså til, og følgde med laksen opp stryka. Når fossen var passert, slapp han taket, og blei liggande på ein grunne i elva.

Skjella hadde liten evne til å flytta seg. Likevel hadde dei kome opp heilt nord til Kongsmo.

I riktig gamal tid skulle dei vera å finna både i Ågedalsstø og i Valandselva. Dei gamle sa at skjella var å finna like langt nord som dit laksen gjekk.

Kleiven. Han var svært interessert i å kjøpa desse naturperlene, og han hadde folk til å kjøpa for seg.

Noko selde han vidare, men sjøl laga han ringar av gull og smykker med perler i. Kanskje finst det ennå smykke frå gamle dagar med ekte Undalsperler.

**Unggutane fann
mange perler
etter 1910**

-Når slutta det at gardane skulle dela utbyttet av perlefisket?

-Eg trur snaut at garden her fekk noko etter 1910. Eg kan hugsa den gongen heile garden var med - men eg var bare ein smågut då.

Frametter åra etter 1900 blei det funne ein del perler av unggutane på garden. Dei

PERLENE. NOGGE VAR SOM GONG LAGDE UTSIKT, OG kongemakta var så sterk at det ser ut som dei utan vidare greidde å leggja desse rikdomane under krona. Det blei laga ei forordning som sa at alle perlene som blei funne skulle seljast til oppkjøparar som danskedronninga hadde tilsett.

Falkefangarar kjøpte verdisaker

Det er ei gamal segn om dette. I middelalderen og seinare var det ein mote i Sør-Europa å driva jakt på småvilt med temde rovfuglar. Desse haukane eller jaktfalkane blei fanga og lært opp til å driva fangst ute på jaktmarkene. Mange var så flinke at dei kunne oppspora viltet og bringa det tilbake til jaktlaget. Dette var sjølvsagt ein dyr sport, og det var mest bare rike fyrstar eller kongelege som dreiv med det. Ettersom falkebestanden minka ute i Mellom-Europa blei jaktfalkane svært dyre og vanskelege å skaffa.

Ja, dei blei så dyre og ettertrakta at det kunne svara seg å senda folk til høgfjellet i Norge berre for å fanga og frakta falkane med seg. Slike falkefangarar nytta også høvet til å kjøpa verdisaker - deriblant perler, som dei selde i Danmark.

Fine blåaktige perler til prinsen

Ein slik oppkjøpar hadde fått tak i fine blåaktige perler frå Audnaelva. Desse baud han til dei kongelege då han kom til København. Der var just då komen til verda ein prins på slottet, og dei dreiv med å laga til ei fin vogge til den vesle prinsen. Og det blei ei vogge så fin at ingen hadde sett maken. Forutan mykje anna prydnad, blei dei fire perlene frå Audnaelva sett på kvar av dei fire voggestolpane.

Danskedronninga blei reint forundra då ho fekk sjå den fine vogga. Perlene glitra om kapp med augo til den vesle prinsen.

Dronninga fekk rett til å kjøpa alle perlene

Dronninga tykte perlene var så vane at ho ordna det slik at ho fekk rett til å kjøpa alle perlene frå elvane i Sør-Norge.

Ja, slik lydde segna frå gamle dagar. Det er forresten fleire variasjonar,

men denne er i samsvar med det Tore Bergstøl har fortalde i Vigmostadboka.

At danskedronninga hadde retten til perlefisket i Audnaelva er historisk riktig, og eit brev av 20/2 1760 stadfester dette. I brevet står det:

«Hendes majestæt Dronning Juliane Maria, Dronning til Dannemardh og Norge, de Venders og Gothers, Hertuginne av Slesvig Holstein, Stormarn og Ditmarshen, Grevinde udi Oldenborg og Delmenharst, født Prinsesse til Brunsvig-Volfenhytter, allernådigst beskikkede inspektør over perlefangsten i Norge, Mathias Hencke, gjør herved vitterligt, at jeg haver udtaget og bestikket som jeg herved forordner Bent Olsen Hegebostad til hendes majestæts dronningens tjenest at være Perlefisker ved Undals elv».

Avlegga eid

Den som skulle vera kongeleg perlefiskar måtte avlegga eid på at han skulle levera perlene han fann til inspektøren. Som løn skulle han vera fri militærtjeneste både i krigs- og fredstid, vera fri for å skyssa «øvrigheda», tingmann og vedevakt.

Etter det ein kan forstå kunne han sjølsagt ikkje rekka over heile elva aleine. Det var vel helst slik å forstå at han skulle halda oppsyn med at dei perlene som blei funne av andre skulle leverast til Kongens representant.

Sjølvsagt blei det synda mykje mot denne regelen. Folk fiska perler i løvnd og bytta dei bort med framande sjøfolk som ofte var i elvemunningen for å henta tommer.

Til tinget for ulovleg fiske

Fyrste gongen ein noyrer om dette er i 1684. Då blei folk frå Audnedalen mistenkt for perlefiske. Det var fleire frå Løland, Spilling og Tryland som blei mistenkt, men alle nekta og slapp fri. Dei blei stemna på tinget på Foss.

Seinare - i 1720 - blei Kristen Person Tryland, Anen Olsen Spilling og Jakob Guttormson Vigmostad innsett for perlefiske og måtte avlegga eid på at dei berre skulle selja perlene til Kongens inspektør.

Men snart leid det fram til tida då det blei slutt med danskeveldet. Perlene kunne då omsettast til dei som betalte mest.

Hardt fiske etter dansketida

Ein mykje tykta at åra etter 1814 blei det drive eit hardt fiske etter perlemuslingane. Perler var alltid ettertrakta vare, og prisane var gode.

I 1845 var det ein fut på Agder som heitte Heiberg. Han skreiv i ei melding til amtmannen om næringslivet i distriktet, og om perlefisket står det:

«Perlefisket drives i almindelighet i små elve og bekke hvor det har været fisket for noen 100 specidaler årligt og kunde ha avgivet sikker inntekt for eierne når disse hadde behandlet fisket riktig og ikke odelagt muslingene».

Men disse haver avtaget således ved slett drift, at der vil give noget udbytte igen....»

loddeierne efter engelsk skyld.

Perlefisket er delt således: Øvre Tryland fisker felles på Øvre Trylands grund, og nedre Tryland fisker felles på nedre Trylands grund. I begge gårde felles efter engelsk skyld....»

Slik var det truleg fleire stader. Jakob Lølandsmo - som døde i høg alder - fortalde for mange år sidan at då han var ung var det massevis av perlemuslingar ut heile elva til Gaupefossen. Det var ei handevending å plukka opp og køyra på land ei heil tonne med skjell. I ei slik tonne var det omlag fire perler i gjennomsnitt.

Opptil 12 dalar for perla

Verdet av perlene skifta etter kvaliteten. Dei finaste blei betalt med opptil 12 dalar. Storleiken av perlene var også skiftande, men det vanlege var litt under ein cm. i tverrmål. Men det var ikkje storleiken som avgjorde prisen. Ei lita perle var like verdfull som ei stor, berre ho hadde den rette glansen.

Slutt etter kraftstasjonen blei bygd

Framover mot 1920 var det ein del perlemuslingar i elva, sjøl om dei alt då hadde minka mykje. Men då Tryland kraftstasjon slepte på det oppdemde vatnet som truleg var surare enn elvevatnet, minka talet på

er skuld i at skjella døyrt ut. Heilt fram til for 50 år sidan var det vanleg å svi av lyng og skog for å få betre beite. Denne oska blei med regnveret ført ned i fjellvatna og virka som ei kalking.

Sjøl om det var sur nedbør som virka på vatna også då, blei vatnet likevel mindre surt. Reguleringa av alle småvatna på vestheia kan ein også rekna med gjorde elva surare.

Oval - og 15 cm lang

Perlemuslingane med det latinske namnet MARGARITANA - MARGARITIFERA også kalla FLODMUSLINGEN, kunne bli omlag 15 cm lang og muslingane hadde oval form. Tjukkast var dei på midten - omlag seks cm. Muslingen låg alltid med ein liten sprekk open mellom skjella. Opninga var ikkje større enn tre til seks millimeter, og det var nok til å skaffa seg føde frå smådyr som kom med straumen. Fargen var svart utanpå, men skummande perlemor inni.

Beit på kroken - og på laksane i elva

Når ein fiska med mark hende det at litt av agnet streifa mot muslingen, og han beit då til eller lukka seg så hard at det hende skjellet følgde med opp i lufta.

Korleis kom desse muslingane seg opp i vassdrag

var å finna like langt nord som dit laksen gjekk.



Det er nå svært få som har att perler frå muslingar som er funne i Audna. Desse perlene eig ein eldre mann i Audnedalen. Den største av dei er som ei ert.

Daniel Ekeland minnest perlefisket

Finst det nokon som lever i dag og kan minnast då det var godt fiske etter perler i «Undals elv»? Det er nok ikkje så mange, men Daniel Ekeland på Tryland minnest den tida då det blei fiska perler på Tryland. Han er nå passert 84 år.

Heile garden skulle ha utbytte av det fisket gav. Dei pengane ein fekk for perlene, blei delt etter skylda.

-Kunne det bli noka fortene av det, spør vi under ein samtale nyleg.

-Å ja. Enkelte perler kunne vera så fine at dei kom opp i over 100 kroner stykket. Farbror min, ein som heitte Tobias Anenson og budde «der veste», fann ei perle han fekk 18 dalar for.

Ei perle verd to - tre kyr

Dette er så lenge sidan at perlene blei betalte med dalar. Det måtte ha vore ei fin perle - 18 dalar var mykje pengar i den tida. For denne summen kunne ein kjøpa to-tre kyr.

-Har du sjøl funne perler? -Ja, mange gonger. Då det tok til å minka med utbyttet av perlefisket - det måtte vera rundt 1908-10 - fiska vi unggutar til oss sjølve. Vi fann ein del, men ingen som var riktig verdfulle.

-Kven kjøpte perlene? -Det var for det meste gullsmed Ødegård i Mandal. Denne gullsmeden var ekstra godt kjent med folk frå Vigmostad. Slekta hans var komen frå Trolldalen på

her fekk noko etter 1910. Eg kan hugsa den gongen heile garden var med - men eg var bare ein smågut då.

Frametter åra etter 1900 blei det funne ein del perler av unggutane på garden. Dei lei seld, og den som fann dei, fekk pengane.

Den siste perla eg fann, mista eg. Eg skulle visa henne bort til nokre kameratar som var her ein søndag. Så datt perla ned i graset, og eg kunne ikkje finna henne att. Slik enda den siste perla eg fiska.

Gåte korleis dei kom seg opp fossane

-Kva trur du om den gamle segna om at skjella beit seg fast ein laksefinne eller ei lakserumpe for å koma seg opp fossane?

-Det høyrest utruleg ut og det er nok ein hypotese ein må ta med ei klype salt. Eg har mange gonger sett skjella har bite seg fast i beitemark og blitt dregen med opp i lufta når vi fiska.

Det er ei gåte korleis dei greidde å koma seg opp fossane. Dei må ha kome opp frå sjøen - det er nok der dei eingong i «tidas morgon» har kome frå. Og når ein tenkjer på at dei har kome opp både Mjølhusfossen og Gislefossen, så kan det godt henda at hypotesen har noko for seg. Men også rovfugl eller rovdyr kan ha bore skjella med seg oppover stryka - menneske også. Ein kan i alle tilfelle slå fast at dei med eiga hjelp ikkje har greidd å koma seg opp aleine.

Sjøl om skjella hadde liten evne til å flytta på seg, så hadde dei stor evne til å formera seg. Blei det fiska lite etter perler nokre år, kunne ein straks sjå at det blei mange fleire. Dei kunne leva av lite. Eg kan hugsa ved Høyvadet - litt nedanfor Bruvadet på Tryland - kunne heile elvebotnen vera dekkja av skjell i mine gutedagar.

-Kva er så grunnen til at desse naturperlene blei danna inne i muslingane?

-Det skulle vera når ein framandlekam sette seg fast i skjella og blei til sjukdom. Då kapsla muslingane inne den skadde staden og det blei med tida laga ei perle. I heilt friske skjell var det aldri perler. Derfor blei mesteparten opna utan at det var noko å finna.

Sluttes på side 5



Dette er truleg dei siste perlemuslingane som er funne levande i Audnaelva.

Perlefisket i Audna — —

Slutning fra side 4

Mange av dei skjella eg var med på å finna var derfor heilt utan verdi, men det var likevel eit spennande yrke å vera perlefiskar. På ein dag kunne det bli opna mange hundre skjell. Dette sette ein sterk lukt i hendene og sjølv om ein gjorde det beste ein kunne for å få bort lukta, sat ho der lenge.

-Gjorde perlene anna nytte i vassdraga enn å skaffa perler?

-Ja, dei var sikkert eit

ledd i naturens underlege husholdning. Då bestanden var på sitt hogaste, døde det kvart år ein masse skjell. Desse blei liggande i elva og kalken kom over i vatnet og motvirka forurensinga.

Denne forsuringsprosessen har nok halde på i mange år og vore ein av grunnane til at perlefisket nå er heilt oydela. Surt vatn har også ført til nedgang i laksebestanden og dersom ikkje det skal gå same vegen med laksen som med perlemuslingane, må det helst totalfreding og positive tiltak til som kan verna om den lille laksebestanden som nå er att, sluttar Ekeland.

EIN MANN HAR ENNÅ ATT GAMLE PERLER

Er det nokon i distriktet som den dag i dag har gamle Undalsperler? Det må vi svara ja til. Det finst ein som har fleire - vi kan sjå mange perler. Ein del av dei er nok av liten verdi, men sju -otte er svært vakre etter ein ikkje-fagmanns skjønn. Sjølsagt er det berre ein fagmann som kan fastsetta verdien i dag.

Desse perlene er ikkje til sals. Vi roper heller ikkje kven som har dei. Vi har likevel fått lov til å fotografere dei. Alle saman er fiska i «Undals elva» for vistnok lenge sidan og dei er eit «familieklenodium» som sikkert få har sett maken til.

T.T.

(Kjelder: Fleire gamle perler fortalt
Tore Bergstols Vigmostadboen og
Per Inge Nilsen i Agher Historielag.
Årsskrift 1975 side 143)